



Den daglege leiinga ved Steinsland & Co. Til høyre Nash Mapfumba og Brit Hess Steinsland, til venstre Tone og Nils Steinsland.
Foto: Ingeborg Skrudland.

High tech-høner på Steinsland

I Noreg vert det kvart år konsumert i overkant av ein milliard egg. Slett ikkje alle veit at så godt som alle desse eggja kjem frå høner som er ruga ut i Time kommune. Og den aller største produsenten har hovudkvarter ein liten kilometer frå Hognestad stadion og klubbhus.

ØYVIND NORDSLETTEN
tekst

Der, i krysset mellom Hauglandsvegen og avstikkaren til Hognestad, held Steinsland & Co til. 70 prosent av alle norske verpehøns kjem frå dei. Dei reserterande 30 prosent er det Børge & Co på Undheim som står for.

I gamle dagar la hønsa eggja i ein kasse, eller laga seg eit reir sjølv, der rugde dei i 21 dagar, og så stakk kyllingane fram under vengene til hønemor. Det var jo yndig, og godt nok så lenge det var tale om egg til eige bruk, og kanskje litt småsal.

Ein kylling per nordmann

Men, det var den gongen. I dag er ruging og klekking av verpehøner high tech og industri på avansert nivå. Hjä Nils på Steinsland er det mest moderne utstyr teke i bruk. Også her har automatisering og digitalisering gjort sitt inntog. Men det trengs òg, skal du, slik dei Steinsland gjer, årleg produsera heile 4,8 millionar kyllingar, dvs. ikkje så langt frå ein kylling per nordmann. Slik kan du seia at tidlegare stortingsmann og landbruksminister, Lars Sponheim, var inne på noko når han tok til orde for at "Kvar nordmann - si høne!"

Eventyret med rugeriverksemda på Steinsland starta like etter krigen. I 1947 gjekk Norvald Steinsland og kona Ingrid i gang med å dyrka opp jorda på garden dei hadde teke over. Dei var bureisarar og kom til alt anna enn dekkja bord. Norvald spadde sjølv ut husgrunnen. Ingrid sparde seg heller aldri, ho var med i drifta og hadde opp til fire drenger i kosten i tillegg til sin eigen familie.

Ekteparet var framsynte, og tenkte på kva dei kunne gå i gang med ved sida av den vanlege gardsdrifta. Dei kjøpte seg ein rugemaskin og installerte denne i kjellaren til heimehuset. Dermed var dei i gang. Maskinen var laga i Noreg, nærare bestemt i Hillevåg der det utruleg nok fanst ein eigen rugemaskinfabrikk. I dag vert alt slikt utstyr fabrikkert i utlandet, mykje av det kjem frå Belgia og Nederland.



Nils og Brit med det ferdige produktet klart for levering - 100 daggamle hønekyllingar i kvar kasse. (Foto: Øyvind Nordsletten)

13 årsverk

Dei gamle maskinane er for lengst skifta ut, men er reingjorde og tener i dag som arkivskap og minne om gründerane og føregangsmennene og -kvinnene, og om ei svunnen tid i fjørfenæringa. Men det er ikkje berre dei gamle rugemaskinane som har fått eit nytt liv. Leiinga av bedrifta held til i lyse og moderne lokale der kyllingproduksjonen tidlegare fann stad, det gamle rugeriet har vorte til eit elegant kontor. Der held dagleg leiar, Nils Steinsland, kona Brit Hess Steinsland, dottera Tone Steinsland og mannen hennar, Nash Mapfumba, til og administrerer det heile. Med seg har dei 19 andre tilsette som til saman utfører 13 årsverk. Nils overtok bedrifta i 1990, og i 2013 kunne dei feira 60-årsjubileum. Dei driv effektivt og gjer det, som fortent, ikkje ringt. I 2017 var omsetninga NOK 52 millionar.

Som til anna dyrehald vert det i kyllingproduksjonen i Noreg stilt strenge krav til kvalitet i alle ledd. Ikkje minst gjeld det å hindra sjukdom og halda kyllingane friske og frie for smitte og pest. Det er grunnen til at produksjonslokala der rugemaskinane står, ligg spreidd og langt frå kvarandre. Takka vere nøye kontroll med hygiene og andre faktorar vert kyllingane frå Steinsland berre vaksinerte ein gong. Du skal ikkje lenger enn til nabolanda Danmark og Sverige før dette talet er mange gonger så høgt, ja i Danmark får kvar kylling 13 vaksinar og i Nederland heile 30.

Høner og hanar frå Tyskland

Eggproduksjon er i dag høgteknologi og forskningsbasert, det gjeld i høgaste grad òg avlsmaterialet. Moderne genvitenskap spelar her ei viktig rolle. Dei Steinsland nyttar Lohmann, som er ein tysk rase avla fram med eitt hovudformål - å produsera verpehøner som legg flest mogleg egg med minst mogleg bruk av kraftfôr.

Skal du driva med broilarar og slaktekylling, slik dei gjer i Hå rugeri på Podlest, må du ha ein heilt annan rase. Kvart år får Steinsland & Co 2000 besteforeldrehøner og hanar frå leverandøren i Tyskland. I fire månadar må desse stå i



Bureisarekteparet Ingrid og Norvald Steinsland la for 65 år sidan grunnlaget for den moderne rugeribedrifta Steinsland & Co, Noregs største i sitt slag.



Norvald Steinsland med ein av dei fyrste rugemaskinane, norskprodusert i Hillevåg. (Foto: Privat hjå Nils Steinsland)

karantene på Tonstad. Dei 2000 hønene og hanane vert i sin tur opphavet til 30.000 foreldredyr. Det er desse som så legg egg som vert lagde i rugemaskinen der kyllingane vert klekte, og etter kvart vert til verpehøner. På kvar hane går det eit harem på 12 høner. 5000 tonn med kraftfor går det årleg med til å halda liv i fjørfe flokken.

Dei fleste av kyllingane vert selde som daggamle, men ca. 600.000 kyllingar fårar dei opp og sel når dei er 16 veker gamle. Når dei er 20 veker, byrjar hønsa å leggja egg, og det held dei på med i 58 veker. I snitt legg dei 357 egg på 406 dagar. Kyllingane frå Steinsland vert selde til eggprodusentar over store deler av landet, lengste turen går til Vestbygd i Vesterålen.

Japansk kjønnsortering

Som eller i dyreverda, er det jamt fifty - fifty fordeling mellom hannkjønn og hokjønn. Akkurat når det gjeld eggproduksjon og verpehøner, hadde det

vore ein fordel om det berre var høns. Men, sjølv om genteknologien er komen langt, har dei ikkje knekt denne koden ennå, det går ikkje an å sjalta ut hanen på eit tidleg stadium, dvs. mens han ennå er inne i egget. Skiljing av dei klekte hane- og hønekyllingane må til. Finn du opp ein metode å unngå det, vert du momentant geniforklart og rik.

Kjønnsortering av kyllingar er ein japansk spesialitet. Hjø Nils & Co er det ekteparet Yoshi og Isao Mori som står for dette. Tidlegare kikka dei i bakenden på kyllingane, eller kloakken, som det heiter på fagspråket. Vanlege folk ser ingen forskjell i baken på ein daggamal kylling, men japanarane gjer det. Heile 1000 kyllingar i timen kunne dei skilja på denne måten. Men, nå er det nokre ørsmå ulikskapar i vengefjørene som set dei i stand til å avgjera kva som er hane og høne. Då greier dei heile 3000 kyllingar i timen, altså berre litt over eit sekund på kvar kylling. Berre i eit av 1000 tilfelle tek dei feil.

Det er mange gode ting med å vera hankjøn og hane, men i dette tilfelle er framtidsutsiktene, mildt sagt, desidert best om du er høne.

Ekteparet har to søner som begge er i same bransjen. Den eine er gift med ei koreansk kvinne som òg er ekspert i kjønnsortering av fjørfe. Den andre har funne seg ein kjekk kjærast frå litt lenger nord i kommunen, som nok tykkjer alt av kylling er prikklikt.

Norvald og Ingrid hadde nok vorte øvegidde, men og bøsne, om dei hadde sett kva det har vorte av deira spede begynnelse i kjellaren i heimehuset på Steinsland. Vispar du eggedosis, lagar deg omelett, klemmer på majonestuba, eller steikjer deg speilegg, er det 70 prosent sjanse for at eggja kjem frå det livsverket Norvald og Ingrid Steinsland gjorde opptaket til for 65 år sidan, og som Nils, Brit, Tone og Nash nå utviklar og fører vidare inn i ei ny tid.



Ekteparet Yoshi og Isao Mori frå Japan kjønnsorterer kvar for seg 3000 daggamle kyllingar i timen.